



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møteinnkalling

Utval: Ungdommens fylkesting
Møtestad: Rica Parken Hotel Ålesund
Dato: 11. – 13.11.2011
Tid: 14:00

Forfall skal meldast til koordinators Anne Berit Svenkerud Halle, mob 98 41 30 03 / absh@mrfylke.no, og til kontaktpersonen i kommunen du kjem frå. Varamedlem møter berre ved spesiell innkalling frå kontaktpersonen i din kommune.

Kjære representant til Ungdommens fylkesting 2011

Ungdomspanelet vil med dette ønske deg hjarteleg velkomen til Ungdommens fylkesting (UFT) i Ålesund frå 11. – 13. november 2011 på Rica Parken Hotel.

Ungdommens fylkesting (UFT) er ungdommane sitt øvste politiske organ i fylket og her diskuterar ein viktige saker som gjeld ungdom. Vedtak fatta av UFT er viktige og retningsgjevande for fylkestingspolitikarane i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Laurdag kveld blir det ein festmiddag i anledning UFT. Alle må difor ha med seg eit pent antrekk.

For alle representantar under 18 år **skal** foreldre/foresette ha sett sakspapira og satt seg inn i reglementet før du kjem til UFT.

Før du kjem til Ålesund 11. november anbefalar vi at du:

- Les gjennom sakspapira du her får tilsendt. Sakspapira ligg også på ungweb.no. Der kan du legge inn kommentarar, spørsmål eller utfyllande informasjon i kommentarfeltet.
- Diskuter sakene med ungdomsrådet ditt, venner, klassen, elevrådet eller andre rundt deg.
- Forbered deg til **open runde** og finn **to positive og to negative** erfaringar frå ungdomsrådsarbeidet i din kommune det siste året. Kvar kommune får to til tre minutt til å presentere dette for UFT.
- Du må kunne reise til og frå Ålesund på eige hand og det er kontaktpersonen i din kommune som skal hjelpe deg med å finne ut korleis du skal kome deg til og frå Ålesund.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

- **HUGS!** Meld i frå til Anne Berit Svenkerud Halle på absh@mrfylke.no om du må ha spesiell diett (diabetes, cøliaki, vegetarianar) eller har allergiar eller andre ting som arrangør bør vite om.
- Hugs å melde frå til kontaktpersonen i din kommune og Anne Berit om du ikkje kan kome likevel.
- **Ønskjer du å stille til val til Ungdomspanelet?** Under UFT skal det velgast eit nytt Ungdomspanel. Alle som ønskjer å stille til val må melde ifrå om dette i løpet av laurdag den 12.november. Veit du at du vil alt nå kan sende oss ein epost. Der skriv du ned namn, alder, adresse og kva slag verv du ønskjer å stille til val på; leiar, nestleiar, medlem eller varamedlem. Send eposten til ungdomspanelet@mrfylke.no. Det vil bli gitt meir informasjon om val til nytt Ungdomspanel under UFT.

Reise til og frå Ålesund

Kontaktpersonen i din kommune skal hjelpe deg med å planlegge reisa. Vi anbefalar å bruke TIMEkspresen til og frå Ålesund og at du nytter ungdomskortet om du har det.

Reise, overnatting og måltid for ungdomsrepresentantane vert dekt av Møre og Romsdal fylkeskommune. Representantane betalar for reisa sjølve og får tilbakebetalt reiseutgiftene etter UFT. Fylkeskommunen dekker berre utgiftene som samsvarar med reisestrekninga. **Hugs derfor å ta vare på reisekvitteringar.** På UFT vil reiserekningsskjema bli gjennomgått.

Fylkeskommunen dekkjer ikkje kjøp av ungdomskortet.

Under Ungdommens fylkesting

- Bruk av alkohol eller andre rusmiddel er **strengt forbode**, og fører til at føresette og kontaktpersonen i din kommune blir varsla. Ein vil så bli heimsendt for eiga rekning og må betale for hotell og kost sjølv.
- **Ver presis.** Følg med på programmet og den informasjonen som blir gitt. Dersom ein kjem meir enn 10 minutt for seint til tingsamlingane i møtesalen, får ein ikkje vere med på samlinga.
- Kl. 24.00 må alle finne romma sine. Det er sjølv sagt lov å legge seg tidlegare, og alle må ta omsyn til dei som ønskjer å sove. Etter midnatt skal det vere stilt og alle vere på romma sine.
- Det vil alltid vere vaksenpersonar til stades på hotellet. Desse vil bli tydeleg presenterte under møte. I tillegg vil alle namneskilta innehalde informasjon om namn og telefonnummer til vaksne.
- Dersom nokon må forlate hotellet/området skal ein vaksen eller nokon i ungdomspanelet godkjenne fråveret. **Det er verken tid eller lov til å dra frå hotellet til sentrum under møtet.**
- I tillegg til det sosiale programmet stiller Ungdomspanelet med nokre brettspel, men dersom nokon har eit favorittspel kan dei godt ta med det!



- Spelar du gitar eller eit anna instrument du kan ta under armen er du hjarteleg velkommen til å ta det med og spele litt på kvelden.
- Alle skal bu i fleirsengsrom, og vert plasserte av oss saman med personar av same kjønn.

Korleis får du ordet under Ungdommens fylkesting

Når du skal snakke under Ungdommens fylkesting må du bruke ein talarstol med mikrofon slik at vi er sikre på at alle får med seg det du seier. Det kan verke litt skummelt i byrjinga, men ein blir fort vant med det.

Under møtet må ein gje teikn til møteleiarane når ein ønskjer å ta ordet. Rekk opp skiltet ditt med ditt delegatnummer slik at møteleiar kan sjå og registrere det. Når du får eit lite nikk frå møteleiar kan du ta ned skiltet og gjere deg klar til innlegget.

Open runde

Fredag skal det vere open runde på Ungdommens fylkesting. Open runde vil seie at alle ungdomsråda skal komme opp og fortelje om **to positive og to negative** erfaringar frå ungdomsrådsarbeidet i sin kommune. Vi ønskjer at begge representantane blir med opp og presenterer seg. Det skal ikkje vere noko langt foredrag, men berre eit kort innlegg på 2 - 3 minutt. Alle skal opp og det er mest ei øving for å stå på talarstolen.

Spør ein polititar!

Ungdomspanelet utfordrar nokre fylkestingspolitikarar til å stille opp i eit panel og vi let UFT deltakarane få stille dei spørsmål. Vi rår alle til å tenkje ut spørsmål saman med sitt lokale ungdomsråd.

Til slutt

Vi gler oss til å møte deg i Ålesund, og er sikre på at vi kjem til å få det kjempekjekt!

Hugs pent antrekk laurdag kveld!

Alt av informasjon om årets Ungdommens fylkesting kan du finne på ungweb.no
Har du spørsmål ta kontakt med Anne Berit på e-post absh@mrfylke.no eller ring mob 98 41 30 03.

Med helsing	
Ida Andrine Heggset	Anne Berit Svenkerud Halle
Leiar i Ungdomspanelet	Koordinator UP og UFT
Mob 406 26 849	Mob 984 13 003
ungdomspanelet@mrfylke.no	absh@mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Program UFT 2011

Fredag 11.november

- Kl 14:00 Registrering
- Kl 14:30 Opning av UFT ved fylkesordfører Jon Aasen
- Kl 15:00 Kvi for engasjere seg? Ved Fredric Holen Bjørdal, tidlegare leiar i Ungdomspanelet, sentralstyremedlem i AUF og kommunepolitkar i Ørsta.
- Kl 15:30 Møte og taleteknikk ved elev- og lærlingombod Monica Molvær
- Kl 16:15 Oppvarming og inndeling i grupper ved UP
- Kl 17:00 Kva er Ungdommens fylkesting (UFT) og Ungdomspanelet (UP)
- Kl 17:30 Orientering om regional planstrategi ved ass.fylkesplansjef Heidi-Iren Wedlog Olsen.
- Kl 18:30 Konstituering og val av redaksjonskomitear
- Kl 19:00 Middag
- Kl 20:00 Open runde
- Kl 21:00 Spør ein politkar!
Paneldebatt leia av Jenny Venås og Asgeir Stavik Hustad frå UP

Open runde fortsett når debatten er ferdig.
- Kl 24:00 Stille

Laurdag 11.november

- Kl 07:30 Vekking
- Kl 08:00 Frukost
- Kl 09:00 Møtestart ved leiar i UP Ida Andrine Heggset
- Kl 09:05 Kva framtid ønskjer du deg for Møre og Romsdal?
Gruppeoppgåve i samband med høyring om Regional planstrategi 2012 - 2016. Ved ass. fylkesplanssjef Heidi-Iren Wedlog Olsen
- Kl 11:30 Trafikktryggleik eit felles ansvar! Ved rådgivar Ingeborg Midtflå Sørvik, Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kl 12.00 Bli sett i mørke! UFT skal i samarbeid med Fylkestrafikktryggingsutvalet sette fokus på trafikktryggleik.

Kl 13:00 Lunsj

Kl 14:00 Rusmanifest 2011. Innleiing ved Marit Seljeseth Stokke, lærar og prosjektkoordinator ved Romsdal vidaregåande skole

Kl 15:00 Ungdommens fylkesting fortsett med saker på sakslista

Kl 17:30 Pause og vi pyntar oss til festmiddag

Kl 19:00 UFT festmiddag

Kl 20:30 Sosialt med dans

Kl 24:00 Stille

Søndag 13. november

Kl 07:30 Vekking

Kl 08:00 Frukost

Kl 09:00 Ungdommens fylkesting fortsett med bla:

- Votering
- Handlingsprogram for UP
- Årets Ungdomskommune; kandidatane presenterar seg.
- Val av nytt ungdomspanel

Kl 14:00 Lunsj

Avreise



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Saksliste:

Saksnr	Innhald
UFT-1/11	Konstituering
UFT-2/11	Val av redaksjonskomitear
UFT-3/11	Kva framtid ønskjer du deg for Møre og Romsdal? Gruppeoppgåve i samband med høyring om Regional planstrategi 2012 - 2016.
UFT-4/11	Årsrapportar: Ungdomspanelet og Elev- og lærlingombodet
UFT-5/11	Rusmanifest 2011
UFT-6/11	Omsyn til mjuke trafikantar i samband med vegprosjekt.
UFT-7/11	Politikk i skolen
UFT-8/11	Ny vurdering av målform i Møre og Romsdal fylkeskommune
UFT-9/11	Økonomiplan 2012-2015 med budsjett for 2012
UFT-10/11	Kulturrabatt - rabatt på kulturopplevingar for ungdom
UFT-11/11	Handlingsprogram for Ungdomspanelet
UFT-12/11	Årets ungdomskommune 2011
UFT-13/11	Val av ungdomspanel 2011



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57235/2011	Anne Berit Svenkerud Halle

Saksnr
UFT-1/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Konstituering

Bakgrunn

Før Ungdommens fylkesting formelt kan byrje diskutere politiske saker må ein konstituere møte. Dette vil seie at UFT må godkjenne innkallinga, sakslista og dagsorden. I tillegg må UFT velje møteleiara som skal leie møte på ein objektiv og rettferdig måte. Under konstitueringa må også UFT velje kven som skal føre protokollen og vere teljekorps. Forretningsorden er eit viktig møtedokument som seier korleis møte skal gjennomførast.

a) Godkjenning av innkalling

Første invitasjon til Ungdommens fylkesting vart sendt ut til alle ungdomsråd/kommunar per brev 26. april. 23.september vart det sendt ut saksliste, praktisk informasjon og informasjon om påmelding. 21. oktober vart alle sakspapira gjort tilgjengelege på ungweb.no og måndag den 24.oktober vart dei sendt per post til påmeldte representantar.

Vedtektene (reglane for Ungdommens fylkesting) slår fast at:

2.11: Ungdommens fylkesting har ordinært møte ein gong i året og møte bør arrangerast i oktober/november.

Vedtektene til UFT seier at innkallinga skal sendast ut to månader før UFT skal arrangerast.

Forslag til vedtak:

UFT godkjenner innkallinga til Ungdommens fylkesting 2011

b) Val av møteleiare

For å kunne gjennomføre eit godt møte er ein avhengige av gode møteleiara. Dei skal sjå til at sakene blir rett handsama etter vedteker og forretningsorden. Møteleiara skal sjå til at alle sider av saka kjem fram i debatten, at alle blir høyrde og at alle som ønskjer å uttale seg får dette. I tillegg skal dei prøve å følgje vedtatt dagsorden.

Ungdomspanelet legg fram forslag til møteleiara under UFT-2011.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel Elev og lærlingombod Monica Molvær og tidlegare nestleiar Ungdomspanelet Vetle Wang Soleim som møteiarar.

c) Val av protokollfører

Protokollfører har ansvaret for protokollen til Ungdommens fylkesting. Protokollfører skal registrere alle endringsforslag og føre alle delegat og alle vedtak korrekt inn i protokollen. Etter møte ferdigstiller protokollfører protokollen og sender den til protokollunderskrivarane for gjennomlesing og godkjenning. Etter dette blir protokollen tilgjengelig på UNGweb.no og i dei neste sakspapira til UFT-2011.

- *Eit referat gjengir møte i større eller mindre grad, heilt opp til dei som har møte.*
- *Ein protokoll gjengir berre kven som var på møte, det som vart bestemt og dei som vart vald.*
-

Ungdomspanelet foreslår seksjonsleiar Ingunn Bækken Sjøholm som protokollfører.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel seksjonsleiar Ingunn Bækken Sjøholm som protokollfører.

d) Val av to delgatar som skal skrive under møteprotokollen**Forslag til vedtak:**

Ungdommens fylkesting vel (namn) til å underskrive møteprotokollen

e) Val av valnemnd

Det skal setjast ned ei valnemnd på UFT samansatt av avtroppande medlem(er) av Ungdomspanelet, representantar frå UFT som ikkje stiller til val og ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommune. UFT skal ha minst halvparten av medlemene.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel (namn) til å sitte i valnemnda

f) Godkjenning av forretningsorden

Forretningsorden er reglementet (spelereglane) for eit møte. Ved å vedta forretningsorden for Ungdommens fylkesting vil ein prøve å unngå diskusjonar om gjennomføring, avstemning og val under møte. I tillegg er forretningsorden eit godt dokument for ordstyrarane å halde seg til når dei skal styre møte. I tillegg må forretningsorden være i samsvar med gjeldene vedtekter. Vedtektene regulerar møte på eit punkt:

2.16: Ungdomspanelet sine medlemmer har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett i Ungdommens fylkesting og kan dermed ikkje vere kommunerepresentant på Ungdommens fylkesting. Med unntak av leiaren i

Ungdomspanelet som har både stemme-, tale- og forslagsrett. Medlemer av Ungdomspanelet kan heller ikkje vere kommunerepresentant.

Det er derfor viktig med utfylende reglar for møte for å avklare kven som skal tale når, korleis votere og gjennomføre møte på ein god måte.

Gjennom godkjenning av forretningsorden er alle delegata med på å vedta spelereglane for møte. Alle kan komme med endringsforslag under denne saken. Når ein vedtar endeleg forretningsorden med eventuelle endringar er det dette som gjeld for resten av møte.

Likevel er det viktig å understreke at Ungdommens fylkesting kan endre på forretningsorden (spelereglane) under møte, men då må ein ha 2/3 fleirtal. Etter at forretningsorden er endra er det med andre ord vanskeligare å endre på dei.

Det står ikkje noko i vedtektene til UFT at det må vere 2/3-fleirtal for å endre forretningsorden. Ungdomspanelet foreslår likevel at UFT vedtar eit slikt kvalifisert fleirtal for å sikre trygge og stabile møtereclar.

Forslag til forretningsorden vil bli nøye gjennomgått under møte og alle mulige spørsmål bli svart på.

Ungdomspanelet foreslår følgjande forretningsorden:

Forretningsorden UFT 2011:

1. Representantane frå kommunane har tale, forslag og stemmerett. Leiaren i Ungdomspanelet har også tale, forslag og stemmerett.
2. Ungdomspanelet, koordinator for Ungdomspanelet og ordstyrarane har tale- og forslagsrett.
3. Representantane kan gje andre tale- og forslagsrett i enkeltsaker
4. Det blir valt to møteleiarar som leiar møtet
5. Med unntak av møteleiarar må alle som får ordet bruke talarstolen
6. Taletida på innlegg skal ikkje vere lengre enn fire-4-minuttar. Møteleiar og andre med forslagsrett kan framsette forslag om strek og avgrensa taletid
7. Etter strek er vedtatt, kan ikkje forslag trekkast eller nytt forslag framsettast
- 8. Alle forslag som relaterar seg til saker **skal leverast skriftleg****
9. Protokolltilførsler kan forlangast av delegata og Ungdomspanelet. Protokolltilførsler må gjerast kjent innan saka er avslutta og må leverast skriftleg innan møte er slutt.
10. Voteringar/stemming skjer ordinært ved at ein viser delegatskiltet sitt. Ved personval skal det gjennomførast skrifteleg votering om det er meir enn ein som stiller til val
11. 2/3 fleirtal kan vedta å endre eller fråvike forretningsorden under møte

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting vedtar forretningsorden med eventuelle endringar.

g) Godkjenning av saksliste

Ungdomspanelet foreslår følgjande saksliste til Ungdommens fylkesting 2011:

- | | |
|-----------|--|
| UFT-1/10 | Konstituering
a) Godkjenning av innkalling
b) Val av møteleiarar
c) Val av protokollførarar
d) Val av protokollunderskrivarar
e) Val av valnemnd
f) Godkjenning av forretningsordenen
g) Godkjenning av saksliste
h) Val av teljekorps |
| UFT-2/10 | Val av redaksjonskomitear |
| UFT-3/10 | Gruppeoppgåve i samband med høyring om regional planstrategi : Kva framtid ønskjer du deg for Møre og Romsdal? |
| UFT-4/10 | Årsrapportar:
Ungdomspanelet
Elev – og lærlingombodet |
| UFT-5/10 | Rusmanifest 2011 |
| UFT-6/10 | Omsyn til mjuke trafikantar i samband med vegprosjekt |
| UFT-7/10 | Politikk i skulen |
| UFT-8/10 | Ny vurdering av målform i Møre og Romsdal fylkeskommune |
| UFT-9/10 | Økonomiplan |
| UFT-10/10 | Kulturrabatt – rabatt på kulturopplevingar for ungdom |
| UFT-11/10 | Handlingsprogram for Ungdomspanelet |
| UFT-12/10 | Årets ungdomskommune 2011 |
| UFT-13/10 | Val av ungdomspanel |

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting godkjenner sakslista

h)Val av teljekorps

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting vel (namn) til teljekorps

Vedlegg:

Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet i Møre og Romsdal

Vedteke av fylkestinget i møte 22.03.2010. T-sak 11/10 (U-sak 32/10).

§ 1 Heimelsgrunnlag og formål

1.1 Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet er oppretta etter vedtak av fylkestinget i Møre og Romsdal i sak T- 78/02

1.2 Gjennom Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet skal ungdom i Møre og Romsdal ha reel medverknad, kunne påverke politiske saker i fylket og auke ungdomens samfunnsengasjement. Vidare skal Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet stimulere til politiske engasjement samt få opplæring og erfaring i demokratiske prosessar.

1.3 Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet skal vere eit høyrings- og rådgjevande organ for Møre og Romsdal fylkeskommune og alle dei politiske organa.

1.4 Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet kan sjølve ta opp saker dei ønskjer fremma med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen.

§ 2 Ungdommens fylkesting

2.1 Ungdommens fylkesting skal vere partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunen sin og ikkje eit politisk parti.

2.2 Ungdommens fylkesting sine møte er opne for alle som er interessert.

2.3 Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Ungdomspanelet, der Ungdomspanelet rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting lagar eit handlingsprogram for kva saker Ungdomspanelet skal arbeide med det kommande året. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdomspanelet.

2.4 Handlingsprogrammet er det øvste politiske dokumentet. Oppstår det konflikt mellom handlingsprogrammet og andre vedtak gjort i Ungdommens fylkesting eller Ungdomspanelet, gjelder handlingsprogrammet som Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet sin politikk.

Samansetting

2.5 Kvar kommune i Møre og Romsdal blir inviterte til å sende 2 frivillige og engasjerte representantar til Ungdommens fylkesting og oppnemne 2 personlige vararepresentantar til desse. I tillegg deltek leiar eller nestleiar i Ungdomspanelet med tale, forslag- og stemmerett. Dersom leiar eller nestleiar ikkje har høve til å møte vel Ungdomspanelet eit anna medlem frå Ungdomspanelet til å delta på like vilkår.

2.6 Representantane skal veljast frå ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre. I kommunar som ikkje har ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre bør kommunen sende 2 frivillige frå kommunen sine elevråd eller ungdomsorganisasjonar.

2.7 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 13 og 23 år med tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden.

2.8 Ungdommens fylkesting skal så lang som råd ha kjønnsbalanse slik likestillingslova krev, og det bør også rekrutterast ungdom med minoritetsbakgrunn. Kommunane blir oppfordra til å sende ein gut og ei jente.

2.9 For å sikre kontinuiteten bør representantane med vararepresentantar veljast for ein periode på to år, med utskifting slik at ein av representantane blir valt kvart år.

2.10 Ungdomspanelet kan invitere relevante organisasjonar/personar i samsvar med sakslista til Ungdommens fylkesting.

Møte

2.11 Ungdommens fylkesting har ordinært møte ein gong i året og møte bør arrangerast i oktober/november.

2.12 Dersom Ungdomspanelet finn det nødvendig kan dei innkalle til ekstraordinært Ungdommens fylkesting.

2.13 Ungdomspanelet kallar inn til Ungdommens fylkesting 2 månadar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast. Ungdomspanelet innstiller i saker til Ungdommens fylkesting.

2.14 Ungdomsråd og alle mellom 13 og 23 år i fylke kan melde inn saker til Ungdommens fylkesting. Saker skal meldast inn til Ungdomspanelet seinast 5 veker før Ungdommens fylkesting. Ungdomspanelet bør m.a. bruke media for å nå ut til ungdomane i fylket.

2.15 Sakspapira skal sendast ut til representantane seinast 3 veker før Ungdommens fylkesting skal arrangerast.

2.16 Ungdomspanelet sine medlemmer har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett i Ungdommens fylkesting og kan dermed ikkje vere

kommunerepresentant på Ungdommens fylkesting. Med unntak av leiaren i Ungdomspanelet som har både stemme-, tale- og forslagsrett. Medlemer av Ungdomspanelet kan heller ikkje vere kommunerepresentant.

2.17 Ungdom som deltek på Ungdommens fylkesting skal få naudsynt opplæring.

2.18 Ungdommens fylkesting kan godkjenne tale- og forslagsrett til andre inviterte i enkeltsaker etter anbefaling frå Ungdomspanelet.

2.19 På Ungdommens fylkesting skal det alltid vere politisk og administrativ representasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

2.20 Ungdomspanelet innstiller til møteleiar som så godkjennast av Ungdommens fylkesting. Det kan vere ein eller fleire personar som politisk valde utsendingar, representantar frå administrasjonen eller ein annan som Ungdomspanelet føreslår.

2.21 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap gjer leiaren av Ungdomspanelet si røyst utslaget. Ungdommens fylkesting er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er tilstades.

2.22 Det skal setjast ned ei eiga valnemnd på Ungdommens fylkesting samansatt av avtroppande medlem(er) av Ungdomspanelet, representantar frå Ungdommens fylkesting som ikkje stiller til val og ein person frå administrasjonen eller ein av dei politisk valde utsendingane frå fylkeskommunen. Ungdommens fylkesting skal ha minst halvparten av medlemene.

2.23 Deltaking i møter i Ungdommens fylkesting/Ungdomspanelet eller fylkeskommunale utval er å sjå som tillitsverv/politisk arbeid etter forskrift til Opplæringslova § 3-47 og vil ikkje bli ført som fråvær frå undervisning.

§ 3 Ungdomspanelet

3.1 Ungdomspanelet er Ungdommens fylkesting sitt operative organ og skal følgje oppvedtak gjort i Ungdommens fylkesting. I tillegg skal Ungdomspanelet vere eit bindeledd mellom ungdom og Møre og Romsdal fylkeskommune.

3.2 Ungdomspanelet skal drive aktiv lobbyverksemd overfor politiske styresmakter.

3.3 Ungdomspanelet skal fordele Ungdomsmidlane.

3.4 Ungdomspanelet skal arrangere Ungdommens fylkesting og fremje Ungdomspanelet og Ungdommens fylkesting i media.

Samarbeid mellom Ungdommens fylkesting, Ungdomspanelet og lokale ungdomsråd

3.5 Ungdomspanelet skal ha jamleg og god kontakt med lokale ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Ungdomspanelet skal halde ungdomsråda oppdatert om aktuelle ungdomssaker i fylket og hjelpe ungdomsråd i vanskelige saker, ved oppstart og i eventuelle nedturar.

Samansetting

3.6 Ungdommens fylkesting vel 9 medlemer til Ungdomspanelet. Medlemene av Ungdomspanelet skal veljast frå representantane på Ungdommens fylkesting og det sitjande Ungdomspanelet (faste medlemer og vara). Alle dei tre regionane bør vere representert. Det bør vere ei balansert samansetjing frå by og land, og

kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova. Ungdomspanelet skal vere partipolitisk nøytralt.

3.7 Ungdomspanelet skal bestå av ungdom mellom 15 og 23 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Representantane blir valde for to år, men halvparten vert skifta ut kvart år. Det blir i tillegg valt ei varamannsliste på 5 personar. Ved fråfall frå ein fast medlem av Ungdomspanelet blir fyrst vara nummer 1 spurt om å stille, om ikkje vedkommande kan stille blir nummer 2 spurt osv.

3.8 På Ungdommens fylkesting blir det kvart år valt leiar og nestleiar for Ungdomspanelet. I ekstraordinære høve kan Ungdomspanelet konstituere ny leiar og nestleiar frå faste medlemmer av Ungdomspanelet.

3.9 Ungdomspanelet fordelar mellom sine medlemmer ansvar for intern koordinering av si saksbehandling opp mot fylkeskommunen sine ulike avdelingar og politiske utval.

Møte

3.10 Ungdomspanelet bør ha sine møte samstundes med det ordinære fylkestinget, i tillegg til andre møte. Ungdomspanelet fastset sjølv møteplan.

3.11 Leiar for Ungdomspanelet eller 1/3 av ungdomspanelet kan ved behov innkalle til ekstraordinære møte.

3.12 Vedtak blir gjort med simpelt fleirtal i Ungdomspanelet. Ved stemmelikskap gjer møtestyraren si røyst utslaget. Det må vere minst fem medlemmer til stades for at Ungdomspanelet kan fatte vedtak.

3.13 Deltaking i møte i Ungdomspanelet eller fylkeskommunale utval er å sjå som tillitsverv/politisk arbeid etter forskrift til Opplæringslova § 3-47 og vil ikkje bli ført som fråvær frå undervisning.

§ 4 Økonomi og administrasjon

4.1 Møre og Romsdal fylkeskommune sørgjer for sekretær for Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet.

4.2 Det skal setjast av tilstrekkeleg med økonomiske midlar i økonomiplanen til Ungdommens fylkesting, Ungdomspanelet og Ungdomsmidlane.

4.3 Reise- og møteutgifter blir dekkja av Møre og Romsdal fylkeskommune dersom ikkje anna er særskilt bestemt.

§ 5 Godtgjersle

5.1 Medlemene i Ungdomspanelet får dekt reise- og diettgodtgjersle etter statens regulativ og retningslinjer. Tapt arbeidsforteneste dekkjast, ved stadfesting frå arbeidsgjevar.

5.2 Medlemene i Ungdomspanelet får møtegodtgjersle i samsvar med det til eikvar tid gjeldande fylkeskommunalt godtgjerslereglement.

5.3 Medlemene i Ungdomspanelet får halv møtegodtgjersle når dei møter i hovudutvala.

§ 6 Rusmiddel

6.1 Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet skal vere rusfrie under heile arrangementet.

§ 7 Endring av vedtekter

7.1 Fylkestinget i Møre og Romsdal har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet. Vedtektene kan likevel berre endrast etter framlegg av Ungdommens fylkesting. Ungdomspanelet kan komme med forslag om vedtektsendringar.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57246/2011	Anne Berit Svenkerud Halle

Saksnr
UFT-2/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Val av redaksjonskomitear

Bakgrunn

I større saker der det kjem inn mange endringar og/eller tilleggforslag til vedtak er det ofte lurt å sette ned ein redaksjonskomité. Ein redaksjonskomité skal hjelpe Ungdommens fylkesting med å samle alle innkomne forslag til eit heilskapleg forslag som UFT kan stemme over.

Ungdomspanelet foreslår å opprette to redaksjonskomitear under årets UFT på grunn av gruppeoppgåva som vil krevje mykje arbeid frå redaksjonskomiteen med høyringsuttalen. Ungdomspanelet ønskjer ein redaksjonskomite med ansvar for gruppeoppgåva og ein til dei resterande sakene. Ungdomspanelet gjer framlegg om at Asgeir Stavik Hustad og Sondre Digernes er deira medlemmer i redaksjonskomiteen som skal jobbe med gruppeoppgåva og at Martin Øyen Eikebø og Sindre Holberg er Ungdomspanelet's medlemmer i den andre. I tillegg må dei to redaksjonskomiteane ha med seg to delegatar kvar frå UFT.

Forslag til vedtak:

Asgeir Stavik Hustad og Sondre Digernes er medlemmer frå Ungdomspanelet i redaksjonskomiteen som skal jobbe spesielt med gruppeoppgåva. Martin Øyen Eikebø og Sindre Holberg er Ungdomspanelet's medlemmer i den andre som skal jobbe med dei resterande sakene. Frå UFT er det (namn) som skal sitte som medlemmer i redaksjonskomiteane.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57189/2011	Heidi-Iren Wedlog Olsen

Saksnr
UFT-3/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Kva framtid ønskjer du deg for Møre og Romsdal?

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ei rekke viktige ansvarsområder, som har direkte innverknad på samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal. Dei viktigaste er vidaregåande opplæring, samferdsel, næringsutvikling, landbrukspolitikk, regionale forskingsfond, kultur og kulturminner, vassforvaltning, friluftsliv, viltforvaltning, folkehelse, tannhelse og internasjonalt utviklingsarbeid.

Fylkeskommunen lagar i desse dagar ein regional planstrategi som skal seie noko om korleis fylkeskommunens skal arbeide med desse ansvarsområda. Vi nyttar i denne samanhengen ordet planspørsmål.

Kva er regional planstrategi?

Regional planstrategi er eit dokument som skal ta stilling til kva som er dei viktigaste regionale planspørsmåla og korleis vi skal jobbe med desse i fylkeskommunen.

Regional planstrategi gjeld for ein tidsavgrensa periode og skal vedtakast av fylkestinget. Før fylkestinget vedtek planstrategien, skal t.d. kommunar, regional stat, næringsliv og kulturliv ha moglegheit til å kommentere og gje sine innspel på prioriteringane i planstrategien.

Høyringsfrist på Møre og Romsdal sin regionale planstrategi er satt til 15. desember 2011.

Regional planstrategi 2012 - 2016

Regional planstrategi 2012 – 2016 har som ei overordna målsetting at fylkeskommunen gjennom sitt planarbeid og sine ansvarsområder skal arbeide for å styrke Møre og Romsdal fylke sin samla attraktivitet og medverke til vekst og utvikling, livskvalitet og folkehelse.

Prioriteringane i regional planstrategi er basert på ei tru om at dersom folk skal ønskje å bu i Møre og Romsdal, må dei ha noko å leve av og noko å leve for. Med noko å leve av tenker vi til dømes på arbeid og inntekt, næringsliv og arbeidsmarknaden. Med noko å leve for tenker vi på trivsel, livskvalitet og kjenneteikn ved heimstaden vår. Døme her kan vere kultur- og fritidstilbod, offentlege tenester som vidaregåande utdanning og skuletannlege, handels- og

sørvistilbod og transport- og samferdselsløyser som kollektivtransport. (Sjå regional planstrategi 2012 – 2016, side 11 – 14.)

I regional planstrategi 2012 – 2016 har fylkeskommunen eit forslag om at det i åra mellom 2012 og 2016 skal utarbeidast 12 planer. Den overordna planen blant desse er *Regional plan 2013 – 2016*.

Regional plan 2013 – 2016 har som utgangspunkt at innbyggjarane våre er Møre og Romsdal sin viktigaste ressurs for framtida, og fylkeskommunen har som målsetting av planen skal medverke til å gjere Møre og Romsdal til ein attraktiv stad å bu og arbeide. Det er føreslått at kultur, kompetanse (utdanning), verdiskaping (næring og arbeidsmarknad) og samferdsel skal vere viktige satsingsområde.

Meir om alle planane i Regional planstrategi 2012 - 2016, side 5 og meir om Regional plan, side 23 – 24.

Oppdrag Høyringsuttale

Det er viktig for fylkeskommunen at også ungdom i Møre og Romsdal gir si tilbakemelding på kva framtid dei ønskjer for Møre og Romsdal. Ungdommens Fylkesting (UFT) vert derfor utfordra til å gi sitt innspel, eller høyringsuttale, på Regional planstrategi 2012 – 2016. Nedan for følgjer spørsmåla UFT skal arbeide med i gruppearbeidet i Ålesund. Svara her vil vere grunnlaget for UFT sitt høyringssvar.

Spørsmåla det skal svarast på, er:

- 1) Kva er dei tre mest sentrale utfordringane for Møre og Romsdal.
- 2) Draumesamfunnet Møre og Romsdal – korleis ser det ut? Tenk 8 til 12 år fram i tid og lag tre ulike forteljingar:
 - a. Ei forteljing om kva vi skal leve av. Sentrale stikkord bør vere arbeid og inntekt, næringsliv og arbeidsmarknaden.
 - b. Ei forteljing om kva vi skal leve for. Kva vil vere viktig for at folk ønske å bo i Møre og Romsdal.
 - c. Ei forteljing om utviklinga i folketalet. Tal, menn og kvinner, aldersgrupper kan vere sentrale stikkord i denne samanhengen.
- 3) Kva vil vere viktige tiltak å prioritere i dei komande fire år (2013 – 2016) for at vi skal kunne bu i draumesamfunnet om 8 til 12 år?
 - a. Dei tre viktigaste tiltaka for at vi skal ha noko å leve av.
 - b. Dei tre viktigaste tiltak for at vi skal ha noko å leve for.
 - c. Dei tre viktigaste tiltaka for at ønska utvikling i folketalet skal skje.

Regional planstrategi 2012 – 2016 finn dykk her: <http://mrfylke.no/rps>



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57258/2011	Anne Berit Svenkerud Halle

Saksnr
UFT-4/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Årsrapportar : Ungdomspanelet og Elev- og lærlingombodet

a) Ungdomspanelet sin årsrapport

Vedtektene til UFT slår fast:

2.3: Ungdommens fylkesting skal ha ein årsmøtefunksjon overfor Ungdomspanelet, der Ungdomspanelet rapporterer til Ungdommens fylkesting om sitt arbeid. Ungdommens fylkesting lagar ein handlingsplan for kva saker Ungdomspanelet bør arbeide med det kommande året. Det er Ungdommens fylkesting som vel representantar til Ungdomspanelet.

Ungdomspanelet vil her rapportere frå sin periode 2010 - 2011. Det blir høve å stille spørsmål til Ungdomspanelet om arbeidet den siste perioden under møte.

Rapporten blir delt ut ved registrering fredag 11. november.

b) Elev- og lærlingombodet sin årsrapport

Det står ikkje noko i vedtektene om at Elev- og lærlingombodet skal rapportere til UFT. Ungdomspanelet ønskjer likevel at dette blir gjort som ein orientering til UFT. Det blir høve til å stille utdjupande spørsmål til ombodet under møte.

Rapporten blir delt ut ved registrering fredag 11. november.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting tek rapportane til vitande.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57261/2011	Ungdomspanelet

Saksnr UFT-5/11	Utval Ungdommens fylkesting	Møtedato 11.11.2011
----------------------------------	---------------------------------------	-------------------------------

Rusmanifest 2011

Bakgrunn

I 2003 vedtok det da sittande Ungdomspanel eit rusmanifest. Ungdomspanelet ønskjer å revidere dette manifestet samt ta temaet rus opp til diskusjon under årets UFT.

Ungdomspanelet har utarbeida eit forslag til rusmanifest som vart samrøystes vedtek av Ungdomspanelet i møte den 16.09.2011. Ungdomspanelet ønskjer at forslaget samt innleiinga ved Marit Seljeseth Stokke skal vere eit utgangspunkt for ein diskusjon som skal ende i eit rusmanifest vedteke av UFT 2011:

Ungdomspanelet forslag til rusmanifest 2011:

- Ungdommens fylkesting (UFT) tar klar avstand fra all bruk av narkotika og ulovlege rusmidler blant ungdom i Møre og Romsdal.
- UFT ønsker spesielt fokus på kunnskap om skadevirkningene rusmidlene gir, slik at ungdommen skal være bedre rustet mot utfordringer i hverdagen.
- UFT ønsker at det forebyggende informasjonsarbeidet tas i bruk allerede i barneskolen. Informasjonen bør være tilpasset klassetrinnene, lokalmiljøet og aktuelle problemstillinger. Det er svært viktig at informasjonsarbeidet drives av personer med oppdatert kunnskap om fagfeltet og lokalsamfunnet.
- Vi ønsker at alt arbeid skal gjøres i samarbeid med aktuelle organisasjoner og fagpersonell.
- Det er viktig at informasjonen videreføres årlig med oppdatert informasjon.
- UFT ønsker strengere reaksjoner ovenfor omsetning, videreformidling eller forsyning av alkohol til mindreårige. Vi ønsker også hyppigere kontroll av bedrifter som selger rusmidler.
- Vi ønsker at kommunene skal legge opp til et spredt tilbud innen fritidsaktiviteter, som gjenspeiler interesser og trender mellom ungdommene, og som skaper positive holdninger til en sunn utvikling av lokalsamfunnet.

- UFT ser på "Helsestasjonen for ungdom" og organisasjoner som motarbeider rus som et viktig tiltak i arbeidet. Vi ser det som viktig å kunne tilby god tilgjengelighet og kunnskap, for at alle ungdommer i Møre og Romsdal skal ta nytte av dette tilbudet.

For Ungdomspanelet 2011:

Daniel Haavardsen-Bråttvik	Sondre Digernes
Grethe Ranheim	Stine Hellesfjord
Ida Andrine Heggset	Sindre Holberg
Asgeir Stavik Hustad	Janne Katrin Hansen Sævik
Hanne Stokke	Jenny Venås

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting vedtek Rusmanifest 2011



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
21.10.2011	57574/2011	Guri Bugge

Saksnr
UFT-6/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Omsyn til mjuke trafikantar i samband med vegprosjekt.

Bakgrunn

Fleire av dei nye vegprosjekta har i liten grad tatt omsyn til mjuke trafikantar eller lagt til rette for kollektivreisande. Eit døme er tunellen mellom Averøya og Kristiansund som har gjort det vanskelegare å sykle eller gå dette strekket. Fannefjordstunellen er heller ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar, og gjer at pendlarar mellom Bolsøya og Molde er avhengige av bil eller buss. Innover Sunndalsfjorden er det førebels gode gang- og sykkeltilhøve på den gamle vegen, men det er fare for at den vil gro att etter kvart. Nokre bruer er planlagde med gang- og sykkelveg, mens andre er så smale at det er farleg for mjuke trafikantar å gå over dei.

Dei fleste bompengeprojekta i vårt fylke er utbyggingsprosjekt der pengane skal finansiere eit bestemt prosjekt. Då er dei låst til finansiering av desse projekta, det er sett krav til at bompengeneinkrevinga skal avsluttast etter at prosjektet er nedbetalt, og det er i liten grad høve til å gå inn og t.d. auke nedbetalingsperioden for å gjere nye utbetringar for mjuke trafikantar. Men i nye prosjekt kan det i større grad enn no leggst inn omsyn til dei mjuke trafikantane som eit kriterium for kva for løysing som blir valt, og det kan leggst inn utgifter til gang- og sykkelvegar i prosjektet.

Ein annan type bompengar er det som vert kalla "vegprising". Desse finn ein først og fremst rundt større byar, der ein sett inn rushtidsavgifter og liknande for å redusere trafikkmengden. I slike prosjekt er det større høve til å finne midlar til å lage gang- og sykkelvegar, òg etter at bompengeneinkrevinga er sett i gang.

Vurdering

For at ungdommen skal få større påverknad når det gjeld samferdsleprosjekt er det viktig å engasjere seg så tidleg som muleg. Viss de kjenner til nye vegprosjekt i dykkar område går det an å ta kontakt med administrasjons- eller samferdsleavdelinga i fylkeskommunen og høyre kor langt prosessen er komen. Det er som oftast lettare å få folk til å endre på ting når innspela kjem tidleg i arbeidet. Store planar kjem ofte først med eit planprogram, med annonser i avise, arbeidsgruppe og høyringar. Her er mulegheitene svært gode for å få kontakt med dei som arbeider med plana, og få kome med innspel. Etter at plana er ferdig skal den igjen ut på høyring. Då er det viktig å følgje med på nettsidene, slik at de får levert høyringsuttaler før fristen går ut. Fylkeskommunen legg ut sine samferdselsplaner her: <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Samferdsel/Hoeyringar>

Andre planer kan og ha stor påverking på tilhøva til dei mjuke trafikantane, døme på slike er regionale og kommunale planstrategiar, arealplaner osb. Det er viktig å følgje med på nettsidene til kommunane og fylkeskommunen, slik at de får påverke planane så tidleg som muleg. Etter at planen er vedteken, er det som regel fire år til du kan få endra den igjen.

Eit aktuelt døme no er Molde kommune sin "Kommunedelplan - Hovednett gående og syklende i Molde kommune". Molde kommune arrangerte folkemøte 27. september, der dei hadde idedugnad og orienterte om prosessen. Slike møte er det viktig å vere med på.

Oppsummering

Politikarane i Møre og Romsdal arbeider for at det skal bli lettare å reise rundt i fylket vårt med bil. Diverre har vi sett døme på at det då blir vanskelegare å reise for dei som ikkje har bil eller førarkort. Det er sjeldan vrangvilje som gjer dette, og viss Ungdommens fylkesting viser interesse for planarbeidet i fylket og kommunane har de gode mulegheiter for å påverke samferdslepolitikken i ei meir miljø- og ungdomsvennleg retning.

1. Det er viktig å følgje med på alt som skjer i lokalmiljøet, og ta tidleg kontakt med kommune eller fylkeskommune viss de vil ha påverknad på nye vegprosjekt.
2. Etter at planane er ferdige, er det svært viktig å følgje med på kva som blir lagt ut til høyring, slik at de kan kome med ein høyringsuttale.
3. Vanlege bompengeprojekt er det vanskeleg å gjere endringar på etter at dei er vedtekne, men det kan vere muleg å få ressursar frå vegprisingsprosjekt til tiltak for mjuke trafikantar, sjølv etter at dei er komne i drift.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting tek orienteringa til vitande.

Guri Bugge
miljøkoordinator



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57281/2011	Ungdomspanelet

Saksnr
UFT-7/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Politikk i skolen

Bakgrunn

I forbindelse med både det stortingsvalet i 2009 og årets kommune- og fylkestingsval har det vore stor merksemd kring den låge valdeltakinga blant dei unge. Ungdomspanelet har hatt denne saka oppe til diskusjon og ønskjer å sjå på dette i samband med den opplæringa ein får om politikk i skulen.

I læreplana for den vidaregåande skulen, VG1 samfunnsfag, står det som eit læremål at ein gjennom opplæring skal kunne identifisere grunnleggjande skilnader mellom dei politiske partia i Noreg, og argumentere frå ulike politiske ståstader. Ein skal også kunne gjere greie for korleis ein sjølv kan vere med i, og påverke det politiske systemet gjennom bruk av ulike kanalar for påverknad og kunne gjere greie for ulike utfordringar for demokratiet. Dette er ein del av eit av 35 kompetansemål som skal fordelas på 84 skuletimar. Det tilseier at berre to og ein halv skuletime er sett av til kompetansemålet om individet i demokratiet. *Tala er henta frå foredrag av lektor Jorunn Osland under "Mot til å meina"-konferansen i Oslo fredag 11. mars 2011.*

Ved valet i år, 2011, er det blitt i gangsett fleire prosjekt for å prøve å få fleire ungdommar i Noreg til å nytte røysteretten. Eit av dei er prosjektet som ga 16- og 17 åringar røysterett ved dette lokalvalet. Måla med prosjektet var å sikre at ungdom ute i kommunane skal få medverknad i avgjersler om dei kommunale tenestene og lokale tilbod, auke den politiske bevisstgjeringa blant innbyggerane og for å auke talet på fyrstegongsveljarar. Ålesund kommune var den kommunen i Møre og Romsdal som fekk vere med på dette prøveprosjektet.

Det vert sett stort fokus på at ungdom engasjerer seg for lite og ikkje brukar røysteretten sin. Statistikken frå dei siste vala viser at talet på fyrstegongsveljarar som finn vegen til røysteurna har gått nedover, noko som er bekymringsverdig, og ein ser at ein må begynne å tenkje nytt for å få ungdommar til å nytte røysteretten sin.

Ungdomspanelet i Møre og Romsdal trur at deler av dette problemet kunne vert løyst dersom vi fekk meir politikk inn i skulen, både på ungdomsskule og i vidaregåande opplæring. Slik situasjonen er i dag føler mange ungdommar at dei ikkje har nok kunnskap om politikk og manglar innsikt i kva dei ulike partia står for.

Mange veit heller ikkje korleis dei skal røyste. Dette gjer mange usikre og hindrar dei i å nytte røysteretten. Eit anna punkt er at arbeidet med å auke deltakinga ved vala må skje kontinuerleg, ikkje berre som eit intenst forarbeid i forkant av vala. Gjennom kontinuerleg arbeid i skulen vil ein kunne ha større effekt på å auke valdeltakinga.

Ungdomspanelet meiner det er for lite tid til politikk i den norske skulen. Gjennom å auke dette vil ein kunne gje ei grundig opplæring i det politiske systemet og ei innføring i kva dei ulike partia står for. Då vil ungdom få eit betre grunnlag til å nytte røysteretten sin. Vi meiner at meir kunnskap om temaet vil føre til at fleire får auga opp for at politikk slett ikkje er keisamt, og vi trur at ein på denne måten vil få eit aukande samfunnsengasjement blant dei unge.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting sett denne saka på handlingsprogrammet til Ungdomspanelet for neste år. Saka vil og sendast vidare til Nasjonalt ungdomspanel og Ungdommens nasjonalforsamling. Ungdommens fylkesting oppmodar fylkestinget i Møre og Romsdal til å ta opp saka til behandling.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
19.10.2011	57071/2011	Ingunn Bekken Sjøholm

Saksnr
UFT-8/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Målform i Møre og Romsdal fylkeskommune

Bakgrunn

Ungdomspanelet ønskjer å sette saka på dagsorden under Ungdommens fylkesting, og har bede administrasjonen om hjelp til saksframlegget.

Fylkestinget i Møre og Romsdal har vedtatt at nynorsk skal vere administrasjonsspråket. I desember 2006 vedtok fylkestinget følgjande:

"1. I Møre og Romsdal fylkeskommune skal følgjande dokument vere på nynorsk:

- a. Alle saksframlegg*
- b. Alle møteprotokollar*
- c. Årsrapportar*
- d. Alle overordna planar som t.d. økonomi- og fylkesplanar.*
- e. Annonсар, utlysingar og publikasjonar*

Når det gjeld andre dokument, står avdelingane fritt i valet av målform.

2. Alle brev skal svarast på i mottakaren si målform.

3. For å utvikle god språkbruk i sentraladministrasjonen, vil det bli organisert støttefunksjonar som kurs i godt språk og hjelp til språkvask."

Saksframlegget finn du på www.mrfylke.no/politikk/politiske-saker/fylkesutvalet, sjå møtet 28.11.2006.

I 2006 hadde vi i Møre og Romsdal forsøk med einskapsfylke, dvs. at fylkeskommunen og Fylkesmannen var integrert i ein felles administrasjon under namnet Møre og Romsdal fylke. [Målbrukslova](#) (sjå www.lovdata.no) kravde at den statlege delen av einskapsfylket måtte bruke nynorsk, da eit fleirtal av kommunane i fylket har nynorsk som språkform.

For den fylkeskommunale verksemda kunne fylkestinget avgjere kva målform ein skulle ha. Det var naturleg at den fylkeskommunale delen av einskapsfylket skulle ha same målform som den statlege delen av den felles administrasjonen.

Vurdering

Litt statistikk

Møre og Romsdal er saman med Hordaland og Sogn og Fjordane dei fylkeskommunane i landet som har nynorsk som administrasjonsspråk. To har bokmål og resten av fylkeskommunane i landet har erklært seg nøytrale.

Blant kommunane er det 160 som har valt bokmål, 114 som har nynorsk og 156 som er språkleg nøytrale. Dei 114 nynorskkommunane utgjer ca. 12 prosent av befolkninga i Noreg. Om lag 11 prosent av befolkninga ber om å få sjølvmeldinga på nynorsk.

Ser vi på kommunane i fylket, har 23 nynorsk som administrasjonsspråk, 2 har bokmål og 11 har vedtatt å vere språkleg nøytrale.

Prosenten av nynorskelevar i grunnskolen i Møre og Romsdal har gått noko ned dei siste tiåra. I 1971 var prosentdelen 59, i 2004 var den 55 og i 2010 utgjer desse elevane 53 prosent. Det er dermed framleis eit fleirtal som har nynorsk som hovudmål i grunnskolen.

Av dei vernepliktige i fylket var det i 2000 39 prosent som brukte nynorsk. Dette talet er gått ned til 35 prosent i 2010.

I Møre og Romsdal har vi eit nasjonalt opplevings- og dokumentasjonssenter for nynorsk skriftkultur. Det er Nynorsk kultursentrum og Ivar Aasen-tunet som ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune. Her har dei m.a. laga masse spennande språkstatistikk for den som ønskjer å lese meir om dette. Sjå nettsidene deira: <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4395>

Ein del av kulturen i Møre og Romsdal

Historia om nynorsken startar med Ivar Aasen som på midten av 1800-talet gjekk frå bygd til bygd i store delar av Norge. Oppgåva var å kartleggje talemålet i landet. På bakgrunn av funna laga Aasen ei ordbok og ein grammatikk, og dermed fundamentet for eit nytt skriftspråk som han kalla landsmål. I 1885 blei landsmål sidestilt med riksmål. Frå 1892 kunne skolestyra velje om elevane skulle ha landsmål eller riksmål som opplæringsmål. I 1907 kom vedtaket om sidemålsstilen.

I Møre og Romsdal er nynorsken ein viktig del av kulturarven vår. Vi er Ivar Aasen sitt heimfylke, og eit av dei viktigaste nynorskfylka i landet. Nokon vil hevde at det ligg eit spesielt ansvar på oss i Møre og Romsdal om å føre arven frå Ivar Aasen vidare. Nynorsken er iferd med å bli prioritert bort av store delar av befolkninga i Norge. Kven skal kjempe nynorsken si sak om vi i Møre og Romsdal "kastar inn handkleet"?

Nynorsken i administrasjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen har fleire leiarar og tilsette som er habile nynorskbrukarar. Dette er særleg personar som har vakse opp i fylket og som har hatt nynorsk som hovudmål på skolen.

Men det er vel berre å innrømme - vi ser dessverre mange eksempel på dårleg nynorsk i administrasjonen, sjølv om det jamleg blir gitt tilbod om nynorskopplæring.

Fylkeskommunen er ein kompetansearbeidsplass der rekruttering til stillingar skjer ut frå faglege kriterium. Auka mobilitet kombinert med opplevinga av Møre og Romsdal som ein attraktiv stad å bu, betyr også at administrasjonen får stadig fleire arbeidstakarar som ikkje har nynorsk som hovudmål. Mange dyktige fagfolk strevar med nynorsken og brukar mykje tid på å slå opp ord i nynorskordboka. Kravet om nynorsk gjer at fleire rådgivarar må bruke lengre tid på saksframlegg og anna skriftleg arbeid dei skal gjere – og leiarane må bruke tid på å rette opp nynorskfeil.

Administrasjonen har ikkje avsett ein eigen "nynorskressurs" som har som si hovudoppgåve å ta språkvask eller gi råd om nynorskbruk. Med relativt tronge økonomiske rammer har ein ikkje funne rom for ei eiga stilling til dette, men funksjonen blir delvis teke i vare av informasjonsseksjonen.

Fylkeskommunen har heller ingen mal for nynorskbruken i administrasjonen. Det inneber at den enkelte sjølv kan velje om ein vil skrive "skule" eller "skole", "Norge" eller "Noreg", "døme" eller "eksempel", "hos" eller "hjá" osv. Dette gir valfridom til å skrive slik ein er van med, men kan samstundes virke forvirrande for tilsette som ikkje har nynorsk som hovudmål. Det tek tid å lære kva som er lov å skrive og kva som er ikkje lov – og dette endrar seg også. Kulturdepartementet godkjente i september i år framlegget frå Språkrådet om [ny rettskriving for nynorsk](http://www.sprakradet.no/nb-no/toppmeny/aktuelt/nynorsknorm/) (sjå www.sprakradet.no/nb-no/toppmeny/aktuelt/nynorsknorm/). Den nye rettskrivinga skal gjelde frå 1. august 2012. Dette kan dermed vere ein viktig frist for når fylkestinget ev. skal ha gjort ei ny vurdering av språkleg nøytralitet i fylkeskommunen.

[Arbeidsgivarpolitikken](http://www.mrfylke.no/organisasjon/arbeidsgivar-hr/jobbe-hos-oss) vår oppmodar oss til å rekruttere arbeidstakarar uavhengig av alder, kjønn, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn (sjå www.mrfylke.no/organisasjon/arbeidsgivar-hr/jobbe-hos-oss). I utlysing av stillingar informerer vi om at administrasjonsspråket hos oss er nynorsk. Det kan vere grunn til å tenkje over om dette blir opplevd som ein barriere for å søke jobb hos oss, særleg blant potensielle søkarar med utanlandsk bakgrunn, men også for enkelte norske søkarar.

Med eit internasjonalt næringsliv som vi har i Møre og Romsdal, er det stadig fleire med utanlandsk bakgrunn som søker jobb hos oss. Det eksportretta næringslivet i fylket rekrutterer spisskompetanse frå heile verda. Dei har ofte med seg ein ektefelle/sambuar med høg utdanning. Fylkeskommunen er ein av dei største kompetansearbeidsplassane i fylket. Ein bør derfor vurdere om også engelsk kan bli ei av dei valfrie målformene i administrasjonen.

Auka mobilitet i befolkninga og eit stadig meir internasjonalt arbeidsliv talar for å vurdere språkleg nøytralitet på nytt. Forsøket med einskapsfylke vart avslutta i 2010, og fylkestinget treng ikkje lenger ta omsyn til språkforma hos Fylkesmannen. Det er også slik at kravet om nynorsk medfører behov for ekstra ressursar til rettskrivingshjelp i administrasjonen og for politikarar som skal fremje forslag og uttalar.

På den andre sida står omsynet til den nynorske kulturarven. Nokon vil meine at det er Møre og Romsdal fylkeskommune si oppgåve å støtte opp om og fremme det nynorske skriftspråket.

Dette er opp til Ungdommens fylkesting (UFT) å ta stilling til. Det er også muleg å oppmode fylkestinget om at UFT og Ungdomspanelet kan vere språkleg nøytralt.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting tek saka til vitande.

Nils-Gunnar Solli
administrasjonssjef

Ingunn B. Sjøholm
seksjonsleiar



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57324/2011	Anne Berit Svenkerud Halle

Saksnr
UFT-9/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Økonomiplan 2012-2015 med budsjett for 2012

Bakgrunn

Kvar haust legg administrasjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune fram ein økonomiplan, i november skal økonomiplanen for 2012 - 2015 med budsjett for 2012 leggest fram.

I år vil økonomiplanen blir presentert i ein pressekonferanse 8. november. Den skal vidare behandlast i hovudutvala 21. november, i fylkesutvalt 29. november og i fylkestinget 13. desember.

Planen vil bli lagt fram for UFT og det er så opp til tingsamlinga om ein ønskjer å ta planen til vitande eller om dei ønskjer å komme med kommentarar.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting tek Økonomiplanen for 2012 - 2015 med budsjett for 2012 til vitande.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57138/2011	Ungdomspanelet

Saksnr
UFT-10/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Kulturrabatt – rabatt på kulturopplevingar for ungdom

Bakgrunn

Ordninga kulturrabatt for ungdom er Møre og Romsdal fylkeskommune sitt svar på Kulturdepartementet sitt prosjekt Kulturkort for ungdom. Ved å inngå avtaler med kunst- og kulturinstitusjonar i fylket, festivalar og enkeltarrangement om billegare billetter, er målet for fylkeskommunen å styrkje ungdom sin tilgong til kunst og kulturopplevingar.

Fylkeskommunen bidreg med kr. 600 000,- årleg til ordninga og dette utløysar tilsvarande beløp frå staten. I 2010 vart alle midla nytta.

Tal på arrangørar i 2010 var 24 og tal på refunderte billetter i 2010 var 46 372 (2009: 33 024). Sum refunderte billetter var da kr. 1,4 mill.

Oppbygging av ordninga:

Oppstart vart satt til 01.12.2007.

Ordninga gjer 25% rabatt på kulturopplevingar ved blant anna kino og kulturhus. På enkelte arrangementet blir det opp til 50 % rabatt. Ordninga gjeld ungdom i alderen 16 – 20 år. På kino er ordninga utvida til 15 – 20 år. Ungdom får kjøpt billetter med Kulturrabatt ved å vise gyldig legitimasjon. Rabatten er personleg, og kvar enkelt ungdom får difor berre kjøpe ein billett. Rabatten kan ikkje brukast for skuleklassar.

Møre og Romsdal fylkeskommune valde å ikkje produsere eigne Kulturkort, men bruke ordinær legitimasjon ved kjøp av billetter. Ein valde å ikkje innføre registrering av kvar enkelt brukar, slik fleire andre fylke har. Gjennom desse grepa ville fylkeskommunen senke terskelen for å nytte seg av ordninga, samt bruke lite av midlane til administrasjon.

Ein så etterkvart at det var forvirrande med namnet "Kulturkort for ungdom" når det ikkje var eit fysisk kort. I tråd med vedtak på Ungdommens Fylkesting (UFT) 14.-16.november 2008 vart namnet endra til "Kulturrabatt for ungdom".

Kultur rabatt

Møre og Romsdal fylkeskommune inviterte kommunar, kinoar, kulturhus og større kulturinstitusjonar til å bli med i ordninga. Dette skjedde i tett dialog med UNG i Møre og Romsdal, samt Ungdomspanelet vald av Ungdommens fylkesting.

Tendensen er at ungdom nyttar rabatten først og fremst ved kinobesøk. Men ein ser ein klar framgang i salstal for festivalar som Moldejazz og Jugendfest, til dømes er det avsatt ei kvote 3-dagerspass på Jugendfest og ei kvote med 2-dagerspass på Moldejazz med inntil 50% rabatt. Det er størst bruk av rabatten i dei største byane, noko som er naturleg utifrå befolkningskonsentrasjonen.

Ordninga har eiga Facebookgruppe oppretta av Ungdomspanelet i Møre og Romsdal. Ungweb.no vert også brukt som profileringskanal. Fylkeskommunen tar inn nye kommunar/institusjonar/kulturarrangørar etter kvart som dei melder si interesse.

facebook
Hege Merethe Gagnat Settings Log out

Kulturrabatt for ungdom i MRfylke
Global

Basic Info
Type: Entertainment & Arts - General
Description: For all ungdom mellom 16 og 20 år i Møre og Romsdal som vil ha 25 % rabatt på kulturtilbud rundt om i fylket som f.eks kino, teater og diverse festivaler!

Contact Details
Email: lene.neset@gmail.com
Website: http://www.ungweb.no
Office: Fylkeshuset, Molde
Location: Julsundveien 9
Molde, Norway

Members
Displaying 8 of 186 members See All


Martine
Nerland
srijaeseter


Simon
Hausberg
Huse


Kjetil
Steen


Siri
Kiviranta


Jonas
Gjetsøy


Teatret
Vårt


Anita
Charlotte
Bjørnøy


Anniken
Hessen

Discussion Board
Displaying 2 discussion topics Start New Topic | See All

Her gjeld Kulturrabatten!
3 posts by 3 people. Updated on 08 February 2009 at 15:18

Du treng ikkje anna kort enn vanleg legitimasjon!
1 post. Updated on 27 January 2009 at 11:41

The Wall
Displaying 5 of 9 Wall posts. See All



View Discussion Board
Message All Members
Edit Group
Edit Members
Edit Group Officers
Invite People to Join
Create Related Event
Leave Group

Share +

Group Type
This is an open group. Anyone can join and invite others to join.

Admins

- Lene Nesset (creator)
- Hege Merethe Gagnat
- Jørgen Bakke (Haram Videregående Skule)
- Fredric Holen Bjørdal (Volda videregående skule)

Events
There are no events.
[Create Events](#)

Smøla ungdomsråd sendte den 01.06.2011 eit innspel til sak til Ungdommens fylkesting. Dei ber UFT ta opp saka om kulturrabatt og dei ønskjer at administrasjonen i fylket skal jobbe frem ei avtale om kulturrabatt med Bygdekinoen, sjå vedlegg. Ungdomsrådet meiner det ikkje er rett at ein ute i distrikta ikkje kan nytte denne rabatten på Bygdekinoen slik ein kan på kino i byar og tettstader. Dei meiner at Bygdekinoen er eit godt fritidstilbod i distrikta og relativt godt besøkt.

Kulturrabatten gir ungdom ein stor mulighet til å kunne nytte seg av kulturtilbod for ein billegare pris og Ungdomspanelet meiner at dette bidreg til at fleire ungdommar nyttar kulturtilbod. Det at det ikkje er eit fysisk kort gjer ordninga lettare tilgjengeleg for alle men samstundes krev det meir av både brukar og kulturtilbydar i forhold til kunnskap om ordninga. Det er vel og klart at når ein ikkje har eit fysisk kort gjer dette ordninga enklare og billegare å administrere for fylkeskommunen.

Men problemet er at til tross for brei marknadsføring så er det stadig mange som ikkje kjenner til ordninga. Dei som tilbyr rabatten er ikkje flinke nok til å spørje om ungdom ønskjer rabatten og dei unge veit for lite til å kunne spørje. Det er flott at fleire festivalar og andre arrangement tilbyr ordninga og Ungdomspanelet trur at nettopp dette gjer ordninga betre kjent blant fleire. Men Ungdomspanelet meiner at ein må halde fram med å marknadsføre ordninga og kanskje intensivere dette. Men like viktig er å profilere kor ein kan nytte kulturabatten.

Ungdomspanelet støttar Smøla ungdomsråd i at en også bør få inkludert bygdekinoen i denne rabattordninga. I tillegg til å gje ungdom ute i distrikta mulighet for rabatt på kino trur og Ungdomspanelet at ein ved å tilby kulturabatt også vil kunne auke besøkstala til Bygdekinoen da det vil bli billegare og dermed enklare for fleire å nytte dette tilbodet.

Ungdomspanelets forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting ber administrasjonen i fylkeskommunen å sjå på muligheter for å utvide kulturabatt ordninga til også å gjelde Bygdekinoen. Ungdommens fylkesting ønskjer at ordninga med kulturabatt også skal vidareførast etter at prosjektperioden er over og at ein stadig jobbar for å gjere ordninga betre og meir kjend blant anna gjennom auka marknadsføring.

Vedlegg:

HER FÅR UNGDOM KJØPT KULTURRABATTBILLETT

Kino: 25% rabatt frå 15 til 20 år

Ellers: 25% rabatt frå 16 til 20 år

Heile året:

Aukra: Arrangement i regi av kommunen

Aure: Arrangement i regi av kommunen

Giske: Giskespelet

Haram: Ingebrikt-Davikhuset

Herøy: Arrangement i regi av kommunen, Herøy Kulturhus

Kristiansund: Caroline kino, KKKK-festivalen, Nordic Light, Operaen

Midsund: Midsundfestivalen

Molde: Teatret Vårt, Molde kino, Bjørnsonfestivalen

Rauma: Rauma Kulturhus

Rindal: Rindal kino, Arrangement i regi av kommunen, Rindalshuset

Smøla: Arrangement i regi av kommunen, Gurispelet, Vindmølle:larm

Stordal: Arrangement i regi av kommunen, Stordalshallen

Stranda: Storfjord Kulturhus

Sula: Arrangement i regi av kommunen

Surnadal: Surnadal Kulturhus

Sykkylven: Sykkylven Kulturhus

Tingvoll: Arrangement i regi av kommunen + kino

Ulstein: Sjøborg Kulturhus

Vanylven: Arrangement i regi av kommunen, Vanylvsråkk

Vestnes: Tomrefjord kino

Volda: Volda Filmteater, Nynorsk kultursentrum

Ørskog: Arrangement i regi av kommunen

Ørsta: Ørsta Kulturhus, kino, Nynorsk kultursentrum

Ålesund: Kulturkvartalet, Ålesund kino (Moa og Løvenvold),

Parken kulturhus

Enkeltarrangement 2011 med avgrensa antal billetter:

Molde: Moldejazz (2-dagerspass på Romsdalsmuseet)

Ålesund: Jugendfest (3-dagerspass), Midtsommerjazz (2-dagerspass)

Oppdatert liste pr 01.07.2011



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57334/2011	Anne Berit Svenkerud Halle

Saksnr
UFT-11/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Handlingsprogram for Ungdomspanelet

Bakgrunn

Ungdommens fylkesting skal handsame og vedta kva Ungdomspanelet skal arbeide med, fokusere på og jobbe mot den neste perioden. For å gjere det mest mogleg oversiktleg vert dette samla i eit dokument; *handlingsprogrammet*.

UFT står fritt til å bestemme kva saker Ungdomspanelet skal jobbe med i perioden 2011/2012. UFT kan vedta mange ulike saker, eller vedta at Ungdomspanelet skal jobbe med berre nokre få. Færre saker i handlingsprogrammet vil gje ekstra fokus og tid til sakene, medan fleire saker vil føre til mindre tid, men breiare fokus.

I fjor vedtok UFT følgjande handlingsprogram:

Handlingsprogram for ungdomspanelet 2010/2011

Samferdsel

Ungdomspanelet skal arbeide med å prøve å få innført et nasjonalt ungdomskort som kan brukes på tvers av fylkesgrensene. Denne saken skal også fremmes gjennom arbeidet med Nasjonalt Ungdomspanel og Ungdommens Nasjonalforsamling.

Fortsette arbeidet med «Trygt heim for ein 50-lapp»-prosjektet. Delta i samferdselsavdelingens nye markedsføring av tilbudet.

Ungdomspanelet skal jobbe for at skoleskyssen i fylket skal tilpasses elevenes behov ved ordinær skolestart og slutt.

Ungdomspanelet skal også jobbe for at lærlinger i fylket skal få rabatt på kollektivtransport på lik linje med studenter i opplæring.

Ungdomsdemokrati

Ungdomspanelet skal fortsette arbeidet med å få innført et reelt medvirkningsorgan på nasjonalt nivå. Med dette menes Ungdommens Nasjonalforsamling og Nasjonalt Ungdomspanel.

Ungdomspanelet skal fortsette arbeidet med å sørge for supre og godt fungerende ungdomsråd i alle kommuner i fylket.

Ungdomspanelet skal jobbe for lovfestede ungdomsråd.

Ungdomspanelet skal jobbe for å videreføre satsningen på førstegangsvelgere gjennom prosjektet Demokrati 11, en oppfølger til Demokrati 09.

Utdanning

Ungdomspanelet skal jobbe for en rettferdig fraværshåndtering, gjerne i henhold til Ungdommens Nasjonalforsamling 2010 sitt vedtak.

Ungdomspanelet skal jobbe for å gjennomføre holdningsskapende arbeid i Videregående skole, f.eks MOT.

Ungdomspanelet skal jobbe for å få ned frafallet i videregående opplæring. Gjerne i samarbeid med andre instanser med tilknytning til problemet.

Oppfølging av UFT 2011 vedtak

Ungdomspanelet skal følge opp alle vedtak fra Ungdommens Fylkesting 2011.

Andre saker

Ungdomspanelet skal fortsette evalueringen av kulturrabatten sammen med kulturavdelingen.

Ungdomspanelet skal fortsette satsingen på miljø i henhold til fylkesplanen

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting vedtar handlingsprogram for Ungdomspanelet 2011-2012.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:	
20.10.2011	57340/2011	Anne Berit Svenkerud Halle	Ikkje offentleg: Offl §26 2. ledd

Saksnr **Utval** **Møtedato**
UFT-12/11 Ungdommens fylkesting 11.11.2011

Årets ungdomskommune 2011

Bakgrunn

Kvart år kårar Ungdommens fylkesting årets ungdomskommune i Møre og Romsdal. 26.april og 23.august vart det sendt ut informasjon til alle kommunar om korleis nominere kommunar til denne kåringa. I tillegg har det vore vevsaker på UNGweb.no.

Retningslinjer – årets ungdomskommune i Møre og Romsdal

1. Prisen «Årets ungdomskommune i Møre og Romsdal» delast ut årleg av Ungdomspanelet i Møre og Romsdal.
2. Prisen skal gå til kommunar som har utmerka seg ved å:
 - a. Legge til rette for medverknad for ungdom
 - b. Skape gode møtestadar for ungdom
 - c. Bidra til eitt allsidig fritidstilbod for ungdom, eller
 - d. På anna vis har gjort ein særskilt innsats for ungdom i kommunen
3. Prisen delast ut innan april året etter kåringa er gjort og gjeld inneverande år.
4. Kommunar kan nominerast av alle som har tilknytning til Møre og Romsdal fylke.
5. Nomineringa skal sendast i skriftleg form til Ungdomspanelet innan den annonserte fristen.
6. Nomineringsbrevet må innehalde grunngjeving for nomineringa.
7. Ungdomspanelet pliktar å gjere prisen kjent for alle kommunane i fylket, samt annonsere prisen godt.
8. Ungdomspanelet sett kvart år frist for nominering, og planlegg informasjonsstrategi for prisen.
9. Ungdomspanelet står fritt til å velje blant innkomne nominasjonar før dei leggast fram for Ungdommens Fylkesting.
10. Medlemer i Ungdomspanelet kan ikkje nominere kommunar til prisen. Heller ikkje presentere nominasjonar for Ungdommens Fylkesting.
11. Mottakar av prisen er offentleg når avgjerda er tatt, men møtet er lukka under handsaminga.
12. Prisen består av eit diplom og 3000 NOK som Ungdomspanelet nyttar fritt til det/dei føremål Ungdomspanelet vedtek.
13. Ungdomspanelet atterhald seg retten til å ikkje dele ut prisen.

Retningslinjene vart revidert av ungdomspanelet i Møre og Romsdal i møte 21.04.09

Koordinator for UFT har motteke nominasjonar frå Herøy, Molde og Gjemnes kommune. Kvar kommune får høve til å presentere seg for UFT under sakshandsaminga.

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting utpeikar [namn] til årets ungdomskommune 2011.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.10.2011	57348/2011	Anne Berit Svenkerud Halle

Saksnr
UFT-13/11

Utval
Ungdommens fylkesting

Møtedato
11.11.2011

Val av ungdomspanel 2011

Bakgrunn

Ungdomspanelet er Ungdommens fylkestings arbeidsutval. Dei har om lag 9 møter i året og skal representere ungdom i Møre og Romsdal på fylkesnivå og ha kontakt med lokale ungdomsråd. Ungdomspanelet skal vere eit aktivt bindeledd mellom ungdom og Møre og Romsdal fylkeskommune og partnerskap, samt drive lobbyverksemd overfor politiske styresmakter, og iverksetje Ungdommens fylkesting sine intensjonar.

Eit år i ungdomspanelet er svært spennande, gjev unike muligheiter til å bli kjent med andre ungdommar, det politiske systemet i fylket samt dra på forskjellige kurs og seminar.

Vedtektene seier:

Samansetting

3.6: Ungdommens fylkesting vel 9 medlemmer til Ungdomspanelet. Medlemene av Ungdomspanelet skal veljast frå representantane på Ungdommens fylkesting og det sitjande Ungdomspanelet (faste medlemmer og vara). Alle dei tre regionane bør vere representert. Det bør vere ei balansert samansetting frå by og land, og kjønnsbalansen skal vere i høve til likestillingslova. Ungdomspanelet skal vere partipolitisk nøytralt.

3.7: Ungdomspanelet skal bestå av ungdom mellom 15 og 23 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Representantane blir valde for to år, men halvparten vert skifta ut kvart år. Det blir i tillegg valt ei varamannsliste på 5 personar. Ved fråfall frå ein fast medlem av Ungdomspanelet blir fyrst vara nummer 1 spurt om å stille, om ikkje vedkommande kan stille blir nummer 2 spurt osv.

3.8: På Ungdommens fylkesting blir det kvart år valt leiar og nestleiar for Ungdomspanelet. I ekstraordinære høve kan Ungdomspanelet konstituere ny leiar og nestleiar frå faste medlemmer av Ungdomspanelet.

Ein valkomité vil arbeidet under UFT med å rekruttere og intervjuje potensielle kandidatar til Ungdomspanelet. Søndag vil dei legge fram si innstilling (forslag til kandidatar) for Ungdommens fylkesting. Alle som kunne tenkje seg å stille til val eller har spørsmål om det å sitte i Ungdomspanelet bør ta kontakt med

valkomiteen. Alle som vil stille til val må melde seg i løpet av laurdag. Valkomiteen blir presentert tidleg på fredag. Ungdommens fylkesting gjer det endeleg valet av nye medlemmar.

Andre kandidatar enn det valkomiteen innstiller på kan benkast av tinget. Det vil seie at ein representant går opp på talarstolen og foreslår ein annan kandidat enn det valkomiteen har fremja.

Fast	Vara
På val	1 vara - På val
På val	2.vara - På val
På val	3.vara - På val
På val	4.vara - På val
På val	5.vara - På val
På val	
Asgeir Stavik Hustad, Molde	
Daniel Haavardsen-Bråttvik, Molde	
Karoline Thu Valderhaug, Giske	

Forslag til vedtak:

Ungdommens fylkesting 2011 vel nytt Ungdomspanel